

Årsmelding 2017 – Ørsta IL friidrett

Styret

Leiar: Olve Øyehaug

Økonomi: Trine Skjeret

Styremedlem: Lisbeth Hovden Nilsen

Sportsleg leiar: Svein-Egil Johannessen

Styremedlem: Ole Jørgen Ose

Sportsleg utval

Sportsleg leiar: Svein-Egil Johannessen

Trenarar: 13+ år: Svein-Egil Johannessen, Erik Drange Tønnessen, Kari Lundestad Myrøld, Trine Skjeret, Hannah Marie Skjeret, Elin Opsal. **10-12 år:** Trine Skjeret, Olve Øyehaug, Svein Egil Johannessen. Vinteren 16/17: Anne Maryan Eriksen, Lene Mari Våge Myklebust, Morten Kjelvik.

Rekruttar - Olve Øyehaug og Espen Rekkedal

Oppmann: Olve Øyehaug

Utøvarar 13+ har hatt oppfølging av kretstrenarar.

Skulekontakt – Einar Myrøld og Gunnar Festøy

Allidrettsgruppa: Olve Øyehaug

Informasjonsmedarbeidar/pressekontakt

Olve Øyehaug

Økonomiutval

Trine Sørheim Skjeret og Olve Øyehaug

Sponsoransvarleg

Olve Øyehaug

Stemneutval

Stemme i regi av Ørsta IL friidrett: Trine Skjeret, Olve Øyehaug, Svein-Johannessen
Saudehornet rett opp: Olve Øyehaug (kun rådgjervarrolle og formell teknisk arrangør)

Styremøte og foreldremøte

Det er halde to styremøte og eitt trenarmøte i året som har gått.

Representasjon administrativt

ØIL hovudstyre – Olve Øyehaug

Koordinatorar av anleggsgruppe: Ole Jørgen Ose og Olve Øyehaug

Representasjon sportsleg - meisterskap

NM innandørs i Ulsteinvik: Stafett 4 x 200 m KS (5. plass), stafettlaget var Hannah Marie Skjeret, Sigrid Vartdal, Åse Øyehaug og Hanna Hoggen Gjærset. Hannah Marie Skjeret: 60 m, Andrine Hjellen Haugland: høgde utan tilløp (7. plass) lengde utan tilløp (6. plass). Elias Hovden Nilsen: høgde utan tilløp (4. plass), lengde utan tilløp (6. plass). Erik Drange Tønnessen kule (4. plass)

UM innandørs i Bærum: Elias Hovden Nilsen (G16) høgde (6. plass) , kule (8. plass), Hanna Hoggen Gjærset (J15) 200 m og 60 m, Åse Øyehaug (J16) 60 m hk, lengde, Sigrid Vartdal (J16) 200 m.

UM mangekamp i Bergen: Elias Hovden Nilsen (G16) 5. plass.

NM i Sandnes: Andrine Hjellen Haugland: Spyd (7. plass)

UM Bergen: Andrine Hjellen Haugland (J18/19) spyd (5. plass), Elias Hovden Nilsen (G16) spyd (4. plass), diskos (4. plass), kule (10. plass). Anna Hjellen Haugland (J15) slegge (5. plass), spyd. Åse Øyehaug (J16) 300 m hk (7.plass), tresteg (6. plass). Sigrid Vartdal (J16) 100 m, 200 m. Hanna Hoggen Gjærset (J15) 100 meter, 200 m. Amalie Tomasgard (J15) 2000 m. 1000 m stafett (J15/16): Amalie (100), Hanna (200), Sigrid (300), Åse (400) (10.plass).

Midt-Norsk meisterskap: Andrine Hjellen Haugland (J18) spyd (1. plass), slegge (1. plass), Elias Hovden Nilsen (G16) spyd (2. plass), diskos (1. plass), Anna Hjellen Haugland (J15) slegge (1. plass), spyd (2. plass), Amalie Tomasgard (J15) 800 m (2. plass), spyd (7. plass), 100 m (8. plass), Sigrid Vartdal (J16) 200 m (2. plass) , 100 m (2. plass) , Åse Øyehaug (J16) 300 m hekk (3. plass), 400 m (2. plass i klassen J17), Sofie Viddal (J15) diskos (8. plass), spyd (11. plass), kule (7. plass), slegge (8. plass)

Økonomi

Friidrettsgruppa i Ørsta har ein sunn økonomi. Eigenkapitalen er solid og rekneskapen viser eit overskot på kr 27 680,- i 2017. Inntekter frå eigne arrangement og stønad frå lokalt næringsliv gjer at drifta går bra. Gjennom aktivt sponsorarbeid har gruppa god sponsorstøtte. Vi vil spesielt takke hovudsponsoren vår Sparebank 1 Søre Sunnmøre. Andre sponsorar er: Vartdal Plast, Tussa, Optimal Helseklinikk, Toyota Sunnmøre, Furene, Sport 1 Ørsta og Nordea.

Utmerkingar

Olve Øyehaug tildelt utmerking frå Friidrettens venner; kretspris for administrativ innsats.

Sportslege aktivitetar

Friidrettsgruppa har arrangert følgjande stemne i 2017:

Innandørs treningsstemne – 2 stk

Rekrutteringscupar – 6 stk (tre av dei innbakt i Ørstastafetten, Sparebank1-leikane og Ørstaleikane), m.a. 125 utøvarar deltok på gateløpet, 100 på friidrettens dag.

Ørstastafetten (36 lag og 144 påmelde)

TINEstafetten (48 deltakande lag)

Sparebank 1 leikane (145 deltakarar)

Saudehornet rett opp (kun rådgjeving og formell teknisk arrangør – ingen direkte oppgåver)

Ørstaleikane (stor deltaking:201 påmelde)

Idrettsleikar (friidrettsskule, ikkje stemne – 60 deltakarar og 12 trenarar)

Utandørs treningsstemne – 2 stk

Lagserien og krinsserien 2017

I lagserien 3. div. kvinner vart Ørsta IL sine kvinner nr. 18 (opp frå nr. 19 i 2016). Poengsummen vart 11 108, som er 381 poeng betre enn i 2016. Våre herrar i 3. div. vart nr 89 med 6961 poeng (opp frå nr 111 og 6251 i 2016).

Krinsserien for 2017 for jenter og gutar 10-19 år er ikkje offisiell i skrivande stund.

Rekordar

Klubben fekk 31 resultat utandørs fordelt på 8 utøvarar blant dei 10 beste i aldersbestemte klasser (13 år og eldre) på landsbasis: Andrine Hjellen Haugland, Anna Hjellen Haugland, Amalie Tomasgard, Hanna Hoggen Gjærset, Hannah Marie Skjeret, Sigrid Vartdal, Åse Øyehaug og Elias Hovden Nilsen.

Klubben fekk 15 resultat innandørs fordelt på 8 utøvarar blant dei 10 beste i aldersbestemte klasser (13 år og eldre) på landsbasis: Andrine Hjellen Haugland, Sigrid Vartdal, Åse Øyehaug, Elias Hovden Nilsen, Jakob Rudi Nordang, Johannes Eiksund og Markus Myhre-Steinnes

Klubben fekk 125 resultat utandørs og 74 innandørs som var blant det tre beste i aldersbestemte klasser på krets nivå. Dei 19 som fekk desse resultatane var: Amalie Tomasgard, Andrine Hjellen Haugland, Anna Hjellen Haugland, Elias Hovden Nilsen, Erik Drange Tønnessen, Felicia Flo, Filip Hoggen, Hanna Hoggen Gjærset, Hannah Marie Skjeret, Jakob Rudi Nordang, Johannes Eiksund, Maria Sætre, Markus Myhre-Steinnes, Ola Vassbotn, Sarah Moussa, Sigrid Vartdal, William Lillefosse og Åse Øyehaug.

Banerekordar: Andrine Hjellen Haugland sette banerekord med 40,05 meter i spyd.

Klubbrekordar senior: 2 utandørs og 4 innandørs

Klubbrekordar junior: 3 utandørs og 3 innandørs

Det vart sett 30 nye klubbrekordar i aldersbestemte klassar.

Over 900-poeng

Åtte utøvarar frå Ørsta oppnådde til saman 39 resultat over 900 poeng etter Tyrving-tabellen i 2017: Desse var: Andrine Hjellen Haugland, Anna Hjellen Haugland, Alva Lerheim Rekkedal, Elias Hovden Nilsen, Hanna Hoggen Gjærset, Oskar Mjelva Straume, Sigrid Vartdal og Åse Øyehaug.

Andrine Hjellen Haugland oppnådde tre og Anna Hjellen Haugland eitt resultat over 1000 poeng etter Tyrving-tabellen i 2017.

Trenarutdanning

Ingen nye trenarar vart utdanna.

Kommentar frå leiar

Dei sporslege resultatane er dei beste på mange år frå klubben. Det var største deltaking frå klubben på UM og NM på mange år.

Friddretsgruppa har hatt godt framme på treningane også i 2017. Det var som oftast rundt 50-70 utøvarar på stadion på tysdagstreningane, enkelte gongar var ein rundt 100. Rekruttgruppa er størst. Det var stort sett 40-50 rekruttar på kvar av treningane. Det var noko oppgang i 10-12 årsgruppa frå 2016, og det var rundt 20-25 aktive i gruppa i 2017. I alderen 13 år og eldre var det godt framme gjennom året, med 10-15 faste på kvar trening. Det er stadig fleire utøvarar frå Volda som er med i klubben.

Friddretsgruppa har i 2017 hatt stor aktivitet. Vi har arrangert 11 stemne og ein friddrettsskule. Tal på stemne var i nokre år for høgt for den vesle arrangørstaben i klubben. Som i 2014-17 vart derfor tre av dei seks rekrutteringscupane integrerte i dei større stemna for å redusere tal på arrangement. Gruppa bidrog som rådgjevar for Saudehornet rett opp. Det har vore god deltaking frå klubben på treningsamlingar i regi av kretsen.

Med Svein-Egil Johannessen som sportsleg leiar har klubben fått eit løft for utvikling og oppfølging av det sportslege i klubben.

Det har vore god dekning i Møre Nytt og Møre av eigne stemne og deltaking på stemne andre stader. Klubben har vore aktiv på eiga nettside og på Facebook, og har nådd ut til mange lesarar. Spesielt har Svein-Egil Johannessen utmerka seg med omfattande og raske oppdateringar av resultat og statistikk på medlemsgruppa på Facebook. Positivt er det at Møre Nytt no på eige initiativ hentar nyhende frå nettsida vår.

Den nye fleirbrukshallen i Ørsta er under bygging. Planen er at hallen skal stå klar til bruk i slutten av 2018. Det vert ei 60 metersbane med 4 løpebaner og om lag 15 meter retardasjonsfelt. Det vert og ei lengdehoppgrøp i enden av løpebana. Ein har som mål å få til eit kastbur og spydsegl i hallen og.

På dugnadar har det vore bra frammøte. Tartandekket vart spylt med brannslange før sesongstart på våren. Det vart hatt på soppdrepar på tartandekket på våren. Løpedekket vart djupreinsa av Miljørens Norway i mai. Det vart ikkje kjøpt inn nye klubbkle i 2017.

Det viktigaste for Ørsta IL friidrett er å gje barna eit godt friidrettstilbod. Dette har vi lukkast med. Svært mange unge barn deltek på treningane, og over 220 har representert Ørsta på stemne. Det var 228 deltakarar på rekrutteringscupane. Dette er det høgste deltakartalet vi har registrert dei siste åra, og då var det er ein stor auke frå tidlegare år, noko som stadfestar at friidrettsgruppa lukkast med arbeidet. På gateløpet var det heile 125 utøvarar frå Ørsta IL. Friidrettsgruppa i Ørsta er godt nøgd med året 2017, og som leiar av gruppa vil eg takke alle for vel utført arbeid.

Olve Øyehaug, 23. januar 2018